

**KONTROLLUTVALET I
MIDSUND KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 7. desember 2011, kl. 17.10

Møtestad: Midsund Rådhus

Møtet vart leia av: Johan Oppen

Elles til stades:

Svanaug Lillebø Rakvåg og Asbjørn Ræstad

= 3 voterande

Kåre Bjørnerem hadde meldt forfall

Frå Midsund kommune møtte rådmann Ketil Ugelvik

Frå kontrollutvalset sekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sakene vart behandla i følgjande rekkjefølgje:

SAK 13/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. MAI 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 6. mai 2011 blir godkjent

SAK 16/11

ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2011

Saksutgreiing datert 30.11.2011 frå kontrollutvalset sekretariatet

Rådmannen orienterte om at han ville auke talet på økonomiske rapportar gjennom året slik at det blir månadleg rapportering til formannskapet. Rådmannen orienterte om utviklinga i

økonomien etter framlegginga av 2. tertialrapport og at det var grunn til å rekne med ei forverring i den økonomiske situasjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen i Midsund kommune til observasjon.

SAK 17/11

**ADMINISTRATIV LEIARSTRUKTUR I MIDSUND - DRØFTING AV EVENTUELL
UNDERSØKING**

Saka kom opp under eventuelt i kontrollutvalsak 12/11 på bakgrunn av tidlegare kommunestyrevedtak og brev frå rådmannen.

Det vart i sak 12/11 gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet vil kome tilbake til eit nærare presisert mandat i neste møte.

Det har i ettertid blitt reist spørsmål ved kor relevant ei slik undersøking er nå ein tek omsyn til endringar som har skjedd i kommunen etter at vedtak vart fatta. Ei endring er at kommunen har ny rådmann med klare meiningar om korleis organisasjonen skal sjå ut. Med dette som utgangspunkt kom det fram synspunkt på at det er betre å få rådmannen til å utgreie ein framtidig organisasjonsstruktur enn å få kommunerevisjonen til å evaluere ein gamal struktur.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret finn det meir føremålstenleg å få utgreidd ein ønska framtidig organisasjonsstruktur framfor å bruke ressursar på å evaluere ein tidlegare organisasjonsstruktur.
2. Tidlegare vedteke undersøking av administrativ leiarstruktur i Midsund kommune blir ikkje utført.

SAK 14/11

ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON

Det vart gitt ei munnleg orientering av kontrollutvalsekretariatet og kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 15/11

DRØFTING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I VALPERIODEN

Det vart gitt ei orientering om dei obligatoriske oppgåvene og at løpande saker kan kome til gjennom året.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Temaet blir å kome tilbake til.

Johan Oppen
leiar
(sign.)

Svanaug Lillebø Rakvåg
medlem
(sign)

Asbjørn Ræstad
varamedlem
(sign.)